

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/698-1

## **Val av medlem til representantskapen for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet vel ..... til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.04 2018.

Som varamedlem vert vald .....

### **Vedlegg:**

1. Vedtekter for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

For å få ei meir effektiv og forsvarleg organisering av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) har alle eigarfylkeskommunane vedteke nye vedtekter. Vedtektene innfører ein representantskap som øvste organ samansett av ein representant frå kvar av eigarane. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet vel medlem og varamedlem til representantskapen.

### **2. Bakgrunn for saka**

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) er eit interkommunal samarbeid etter kommunelova § 27. Det er i dag 17 fylkeskommunar som deltek i samarbeidet. Oslo er ikkje med. Målsettinga til NDLA er å lage gode, opne læremiddel for alle fag i vidaregåande opplæring og støtte opp om elevar og lærarar i aktivt deltakande læringsamarbeid.

Til no har NDLA hatt eit styre på 18 medlemmer<sup>i</sup> (ein representant frå kvar deltakar) som øvste organ. 17 av deltakarane har stilt med sin fylkesutdanningssjef/fylkesdirektør, medan Rogaland har hatt politisk oppnemning. Styret har vald eit arbeidsutval, AU, til dagleg oppfølging av NDLA. AU har hatt ein representant frå kvar av dei tre opplæringsregionane (aust, sørvest og nord).

I løpet av 2017 vedtok alle nye vedtekter for NDLA. I Sogn og Fjordane fylkeskommune vart nye vedtekter vedteke i FT-sak 18/17.

Vedtektsendringane svarar på behovet for ei meir effektiv og forsvarleg organisering av NDLA. Det har vore utfordrande å ha eit godt fungerande styre med så mange som 18 representantar.

---

<sup>i</sup> Sør- og Nord-Trøndelag har til no begge vore representerte i styret

Dei nye vedtektene innfører ein representantskap som NDLA sitt øvste organ. Representantskapen er samansett av ein representant for kvar av dei deltakande fylkeskommunane, og skal møtast ordinært ein gong i året. Representantskapen vert omtalt i § 8:

### **§ 8 Representantskapet (styret etter kommunelovens § 27 andre ledd)**

*Representantskapet er det øverste organ i samarbeidet.*

*Representantskapet består av en representant fra hver deltakende fylkeskommune, valgt av fylkestingene.*

*Representantskapet møtes en gang i året til ordinært møte.*

*I det ordinære møtet behandles:*

- 1. godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen.*
- 2. valg av styre. Medlemmer av styre kan velges for ett eller to år. Leder av styret velges ved særskilt valg.*
- 3. valg av valgkomite på tre personer. Medlemmer av valgkomiteen kan velges for ett eller to år. Styret fremmer forslag til medlemmer i valgkomiteen.*
- 4. fastsetting av eventuell godtgjørelse til medlemmene i styret og valgkomiteen*
- 5. fastleggelse av NDLAs budsjetttramme i tråd med avtalene mellom deltakerne og NDLA.*
- 6. andre saker som er lagt frem av styret eller deltakerne. Saker som skal opp på ordinært representantskapsmøte må meldes styret innen en måned før møtet avholdes, dersom ikke representantskapsmøtet selv aksepterer å behandle saken.*

*Ekstraordinært representantskapsmøte avholdes dersom styret beslutter det eller minst en av deltakerne krever det.*

*Representantskapet kan ikke ta avgjørelser som etter kommuneloven ligger til de deltakende fylkeskommunene selv.*

§ 8 legg til grunn at fylkeskommunane sine representantar til representantskapen vert vald av fylkestinga. I Delegerings- og innstillingsreglementet for Sogn og Fjordane fylkeskommune, kap. 4.1, første avsnitt heiter det m.a.:

*Valrett som ikkje i lover, forskrifter mv. er lagt til fylkestinget med delegeringssperre, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan delegere myndet vidare til hovudutvala eller fylkesrådmannen.*

Fylkesrådmannen legg med tilvising til dette saka fram for fylkesutvalet.

§ 8 seier ingen ting om varamedlem. Fylkesrådmannen rår likevel til at varamedlem vert vald.

Nye vedtekter skal gjelde frå 1.4.2018 og ligg ved saka.

### **3. Konklusjon**

Av dei nye vedtektene går det fram at det er fylkestinget som skal velje medlem til representantskapen. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er dette myndet delegert til fylkesutvalet.

Dette kan løysast på to måtar:

- fylkesutvalet delegerer myndet til fylkesrådmannen.
- fylkesutvalet vel medlem og varamedlem i eige vedtak.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet vel medlem og varamedlem.